

Møteinnkalling

Utvalg:	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
Møtested:	Teams
Dato:	01.04.2022
Tidspunkt:	09:00

Eventuelt fråfall må meldast snarast til Kari Sveen eller Eldrid Nedrelo. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 18/2022	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 19/2022	Referatsaker		
RS	Utsiktspunkt Vettisfossen - Referat frå prosjektgruppemøte 10.03.21		2019/12439
RS	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Årsrapport 2021		2021/2959
ST 20/2022	Delegerte vedtak		
9/2022	Delegert vedtak - dispensasjon - Jotunheimen NP - snødekt mark - transport av båter for vedlikehold - Langtjønne - Hesttjønne - Kjetil Espen Sveine		2022/2763
ST 21/2022	Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2022 - Drift og vedlikehold av turisthytte - Memurubu Turisthytte		2022/3322
ST 22/2022	Jotunheimen NP - Besseggen som nasjonal turiststi - Besøksstrategi - Høyring - Uttale frå nasjonalparkstyret		2022/2755
ST 23/2022	Eventuelt		

ST 18/2022 Godkjenning av protokoll/innkalling

ST 19/2022 Referatsaker

**Utsiktspunkt Vettisfossen - Referat frå prosjektgruppemøte 10.03.21
2019/12439**

**Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Årsrapport 2021
2021/2959**

ST 20/2022 Delegerte vedtak

**9/2022 Delegert vedtak - dispensasjon - Jotunheimen NP - snødekt
mark - transport av båter for vedlikehold - Langtjønne - Hesttjønne -
Kjetil Espen Sveine 2022/2763**

Arkivsaksnummer:	2022/3322-2	Saksbehandlar:	Kari Sveen	Dato:	22.03.2022
------------------	-------------	----------------	------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	21/2022	01.04.2022

Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2022 - Drift og vedlikehold av turisthytte - Memurubu Turisthytte

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen fornyar løyvet for motorferdsel knytt til drift og vedlikehold av Memurubu turisthytte for eitt år, 2022. Innhald og vilkår er uendra. Ein føresetnad for å ha fleirårig løyve er at rapportering skal følgjast opp i tråd med dei fastsette vilkåra i løyvet. Dersom rapporteringa blir fylgd opp, får nasjonalparkforvaltar fullmakt til å gje fleirårig løyve, gjennom delegert vedtak gjeldande frå 2023.

Nasjonalparkstyret viser til vurderingar i tidlegare sak, og gjev med heimel i verneforskrifta for Jotunheimen § 3 pkt. 6.3 c), f), h), j), k), l), m) og o) løyve til motorferdsel i samband med drift og vedlikehold av Memurubu Turisthytte.

Detaljert innhald og spesifiserte vilkår i løyvet går fram av vedlegget.

Løyvet gjeld for i første omgang for 2022, men kan forlengast dersom vilkåra i løyvet blir fylgde opp. Heile eller delar av løyvet kan trekkjast attende dersom vilkåra ikkje blir fylgd. Det skal førast kjørebok som dokumenterer oppfølginga, med innsending av rapport innan 1. mai for vintersesongen, og innan 1. november for sommarsesongen.

Dersom vanskelege eller manglande isforhold på Gjende gjer det umogleg med transport som er heimla i forskrifta § 3 pkt. 6.3. c) i det fleirårige løyvet, som berre opnar for bruk av beltekjørey, får nasjonalparkforvaltarane delegert fullmakt til å ta rask avgjerd for bruk av traktor (naturmangfaldlova § 48, jf. § 4 i verneforskrifta) eller for bruk av helikopter (verneforskrifta § 3 pkt. 6.3. c). Slik endring krev enkel søknad ved e-post eller SMS, som dokumenterer dei ekstraordinære isforholda og det aktuelle behovet.

Vi gjer merksam på at krav om rapportering gjeld i alle dispensasjonssaker, og oppsynnet har også minna om at kjørebok og vedtaksoppfølging er ein del av deira kontrolloppgåve.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Tidlegare motorferdselløyve for Memurubu Turisthytte, sak 54/2017 i nasjonalparkstyret
- Brev av 06.12.2017 med melding om vedtak i sak 54/2017 og utsending av skjema for kjørebok og transportlogg. - *Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2018-2021 - Memurubu Turisthytte*
- E-post av 29.11.18 - puring på rapportering
- E-post 13.03.2019 med stadfesting av motteken melding om innleigd hjelp og ny påminning om rapporteringskravet.
- Brev av 22.03.22 – orientering om ny behandling i styret pga. manglande rapportering

Saksopplysningar

Memurubu Turisthytte har i perioden 2018-21 hatt fleirårig motorferdselløyve med innhald slik det går fram av vedlegget. Vedlegget er oppdatert til å gjelde 2022, jf. forslag til vedtak.

I vedtak frå 2017 er det sett vilkår om årleg rapportering, men dette er ikkje fylgd opp opp frå tiltakshavar.

Rapportering vart etterlyst ved e-post av 29.11.18 med følgjande ordlyd:

«Viser til fleirårig dispensasjon for motorferdsel knytt til drift og vedlikehald av turisthytta, gitt ved brev av 06.12.17.

Her er det m.a. sett følgjande vilkår:

" All motorferdsel skal loggførast før ein reiser, på eit fast skjema (dato, rute, formål) som skal takast med på turen. Oppsynet skal kunne kontrollere loggen på staden.

Samlerapport og alle loggane skal kvart år sendast inn til Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen innan 1. mai for vintersesongen og 1.november for berrmarkssesongen. "

Kan ikkje sjå å ha mottatt slik rapport verken for vintertransport eller berrmarkssesong 2018. Ber om at utfylte køyreskjema blir returnert til underteikna snarast, og seinast innan 10. desember 2018.

Slik årleg rapportering er eit vilkår for å ha eit fleirårig løyve.»

Ny påminning om rapporteringskravet vart sendt ved e-post 13.03.22:

«Minner om desse som gjeld for denne typen transport (utdrag av dei som er lista opp under «Generelle vilkår for all transport» i løyvet):

o Dei som utfører motorisert transport skal alltid skal søkje å redusere transportomfanget mest mogleg gjennom planlegging og samordning av all transport. **o All motorferdsel skal loggførast før ein reiser, på eit fast skjema (dato, rute, formål) som skal takast med på turen. Oppsynet skal kunne kontrollere loggen på staden.**

o Samlerapport og alle loggane skal kvart år sendast inn til Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen innan 1. mai for vintersesongen og 1.november for berrmarkssesongen.

o Det skal i størst mogleg grad prøvast å unngå motorferdsel i helg, heilagdag, i fellesferien, i påskeferien og når det elles er særleg stor utfart i fjellet. Vedlagt følgjer køyreskjema for loggføring, i medhald av kulepunkt markert med gult over.

Minner om at utfylt skjema skal returnerast til forvaltar ved vintersesongslutt, og seinast innan 1. mai 2019, jf. vilkår i løyve gjeve av nasjonalparkstyret.

Nokre eksemplar av skjema blir også sendt som brev i posten, i tilfelle det er problem med utskrift.»

På bakgrunn av dette har nasjonalparkforvaltar i brev av 22.03.22 varsle om at saka blir lagt fram for nasjonalparkstyret. Tidlegare løyve er samtidig midlertidig forlenga til etter styremøtet, slik at førebuingar til påske kan gå som vanleg.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter, sist revidert frå 01.01.2020.

Verneformål – forskrift

Motorferdsel er i utgangspunktet forbode i Jotunheimen nasjonalpark (§ 3, 6.1):

«Motorferdsel er forbode på land og vatn, medrekna start og landing med luftfartøy, og lågtflyging under 300 m over bakken.»

Forvaltningsstyresmakta kan med heime i § 3 pkt. 6.3 gje løyve til:

- c) *Bruk av beltekøyretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av brensel, proviant, varer og utstyr til turisthytter, hytter og setrer.*
- f) *Bruk av beltekjørretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, bruer, anlegg og innretningar.*
- h) *Bruk av motorbåt på Gjende for drift av turisthytter, medrekna transport av personale, i samsvar med forvaltningsplan.*
- j) *Bruk av motorbåt med hastigheit høgare enn 8 knop på Gjende, i samsvar med forvaltningsplan.*
- k) *Bruk av beltekøyretøy på vinterføre for utføring av sikringstiltak, t.d. merking og kvisting av løyper.*
- l) *Bruk av traktor på traktorveggar for transport av varer og utstyr til drifta av turisthyttene Memurubu og Gjendebu.*
- m) *Transport 2 gonger i veka på vinterføre av gjester som ligg fast, til turisthyttene Memurubu, Gjendebu og Glitterheim i samsvar med forvaltningsplan.*
- o) *Køyring på barmark med traktor eller beltekjørretøy i samband med vedlikehald og reparasjon av kraftanlegg til Memurubu.*

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen er ikkje oppdatert etter revidert verneforskrift som vart godkjend 14.11.14, men utkastet frå 2008 har vore nytta som rettleiande dokument. Generell føring i planen er at motorferdsel ikkje er ynskjeleg i verneområda, og omfang av motorferdsel skal derfor haldast på så lågt nivå som mogleg. Motorferdsel kan forstyrre fugle- og dyrelivet, og er i tillegg eit uønskt element i høve til ålmentas ønskje om å oppleve urørt natur og det enkle friluftslivet, jf. siste ledd i formålsparagrafen, § 1:

«Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging»

Memurubu ligg innan såkalla «brukssone» i det rettleiande utkastet til forvaltningsplan frå 2008. Om desse sonene står m.a.:

«Det er store naturkvalitetar i områda med brukssone. Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.»


Motorferdsel knytt til turisthytter har følgjande føringar i kap. 8.15.2 (relevante utdrag): «- - - Også innafor ei turistbedrift sitt område (spesiell sone for tilrettelegging og inngrep) skal omfanget av motorferdsel haldast på lågast mogleg nivå, og det er berre transport av varar/tungt utstyr det vil bli gjeve løyve til. - - - Motorkjørretøy er framandelement i verneområda, og med mange motoriserte køyrerøy er det vanskeleg å halde kontroll med ulovleg bruk av desse.

For betjente hytter som ligg inne i verneområda er det behov for å kunne transportere personalet som driv hyttene. Dette gjeld Skogadalsbøen, Glitterheim (vegtilknytning), Memurubu (båttransport) og Gjendebu (båttransport). Med "transport av personale til turisthyttene" forstås forvaltningsstyresmakta inn- og utfrakting av personale når dei reiser og når dei kjem for arbeidsperioden sin. Dette gjeld både sommar og vinter. - - -

Med "drift" av turisthyttene - - - meinast naudsynt transport av varer, personale, handverkarar og tyngre utstyr som ikkje kan transporterast med rutebåten på Gjende. For - - - bruk av traktor - - - vil det berre bli tillate med køyring for transport av varer, tyngre reiskap og andre tyngre oppgaver der maskinkraft er naudsynt. Køyring utover dette vil ikkje bli tillate.»

(Merknad: strekane i sitatet er sett i staden for referering til ulike paragrafar i forslaget til verneforskrift som fylgde planutkastet frå 2008, da desse nummera ikkje er lik nummereringa i endeleg vedteken verneforskrift frå 2014.)

Kartutsnittet under viser sonedelinga i forslaget til forvaltningsplan, og Memurubu ligg i teig 6:



Naturmangfaldlova

Søknaden blir vurdert etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (nml) §§ 8-12.

Presedens

Det er fleire næringsutøvarar i nasjonalparken, og forvaltningspraksis bør vera mest mogleg lik for alle. Dette gjeld også øvre fartsgrense for båtar på Gjende. Det er etablert praksis å gje fleirårige løyve for nødvendig motorferdsel knytt til drift av turistbedriftene i Jotunheimen.

Vurdering

Memurubu har lang tradisjon som turistbedrift, og har gradvis utvikla seg frå fjellturisme knytt til setra som tilhøyrrer garden Sveine i Lom og fram mot eit moderne turistbedrift ved foten av den mest populære fotturen i Jotunheimen – Besseggen. Memurubu er knytt til stinettet som går mellom turisthyttene i Jotunheimen, der det både er DNT-hytter og private hytter som m.a. Memurubu. Over tid har det skjedd ei utvikling i friluftslivet – frå den tidlege fjellturismen med hovudvekt på hytte-til-hytte-vandringar, til dagens turisme med fleire gjester som heller ønskjer ein base med høve til dagsturar eller mindre rusleturar i nærområdet. Memurubu utpregar seg med lett tilkomst via Gjendebåten og gode og varierte turmoglegheiter, slik at bedrifta appellerer til alle typer gjester – frå barnefamiljar og pensjonistar – til topptursamlarar og fjellvandrarar.

Det er behov for transport av varer og utstyr til alle hyttene som er tilgjengelege for fotturistar, og forvaltinga vil følgje ein mest mogleg lik praksis for motorferdselløyve for alle aktørane i verneområdet. Det vil samstundes vera behov for tilpassing ut frå lokalisering og driftsmønster. Dei større hyttene som ligg inne i verneområdet har i tillegg til varetransport også behov for transport av drivarar og personale på grunn av lang avstand til bilveg. På vinterføre er det aktuelt å frakte både varer og utstyr med snøskuter, medan Gjendebåten dekkjer mesteparten av transportbehovet om sommaren for bedriftene ved Gjende. Helikopter har berre vorte brukt i naudsituasjonar som følgje av at isen har gått opp før vintersesongen har vore avslutta, og bruk av luftfarty inngår derfor ikkje i det generelle løyvet. Nasjonalparkforvaltar kan gje løyve som delegert vedtak dersom det oppstår akutt behov pga. isforholda på Gjende.

Vurdering av dei ulike punkta etter pkt. 6.3, og behovet for justering og presiseringar:

- Bruk av beltekøyrety på vinterføre for transport av brensel, proviant, varer og utstyr til turisthytta (pkt. c) har godt innarbeidde rutinar, men vilkår om rapportering må følgjast opp. Ved tidlegare fornying av løyve formidla eigaren av Memurubu eit ønskje om å nytte traktor som alternativ når det ikkje er snødekke på isen, slik at det er problematisk å bruke

snøscooter. Pkt. c) spesifiserer kjøretøy til beltekjøretøy eller luftfarty. Dersom ein skal bruke traktor må det vurderast som eit særleg behov som oppfyller vilkåra til ein dispensasjon etter forskrifta § 4 , jf. § 48 i naturmangfaldlova. Dette blir ikkje innarbeidd som eit generelt vilkår i det fleirårige løyvet, da det vil betyr ei utholing av gjeldande verneforskrift. Men ein ser at det under særleg vanskeleg føreforhold kan vera relevant å opne for at forvaltarane kan gjera administrativt vedtak for andre transportmiddel i vintersesong når det oppstår ekstraordinære føreforhold på Gjende.

- Bruk av beltekjøretøy på vinterføre for transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, bruer, anlegg og innretningar (pkt. f) vil få løyve som før, men rapportering må følgjast opp ved sesongslutt (1. mai for vintersesong og 1. november for sommarsesongen)
- Motorbåt kan brukast når det ikkje er rutegåande transport. Bruk av eigen motorbåt på Gjende (pkt. h) har i gjeldande løyve ingen føringar om motorstyrke eller maksimal fart, men hastigheit høgare enn 8 knop på Gjende skal godkjennast av forvaltninga (pkt.6.3 j). Båten som blir mest nytta kan ha ein fart på 20 knop; dvs. om lag som nye Gjendebåten, medan den store båten kan kjøre heilt opp mot 42 knop. Fart på 20 knop betyr ca. eit kvarter på turen frå Gjendebu til Memurubu, og ein kan ikkje sjå at det er særleg grunn som tilseier at det skal kunne kjørast meir enn dobbelt så fort så lenge det ikkje gjeld liv og helse. Forskrifta fastset ei grense på 8 knop, og ein dispensasjon for høgare fart skal fylle eit særskild behov, der fordelane samla sett må vera vurdert større enn ulempene. Det driftsmessige behovet for transport vil vera dekt ved at det blir gjeve høve til å nytte eigen båt som supplement til Gjendebåten, men ein vel samtidig å opne for høgare fart enn 8 knop for å spare noko tid på transport. Dette må også vurderast opp mot ulempene som følgjer av svært høg fart på ein innsjø i eit verneområde, der det også er fleire andre brukarar. Transport knytt til drift av turisthytta må derfor følgje same fartsavgrensing som for øvrig næringstransport på Gjende, dvs. *maksimalt 20 knop*.
- Bruk av beltekjøretøy på vinterføre for utføring av sikringstiltak, t.d. merking og kvisting av løyper (pkt. k) gjeld merking av løypa frå Gjendesheim til Memurubu. Løypa skal ikkje preparerast, men kan kvistast om det er ønskeleg (evt. mogleg).
- Bruk av traktor på traktorveg for transport av varer og utstyr (pkt. l) er avgrensa til varetransport, og opnar ikkje for transport av personar mellom bygningar og anlegg. Det blir sett vilkår om at berrmarkskjøringa må følgje dei opparbeidde vegane, og det kan ikkje lagast nye kjørespor eller vegar i terrenget. Forskrifta spesifiserer type kjøretøy – traktor. ATV registrert som traktor blir vurdert å koma inn under punktet, medan t.d. ATV registrert som motorsykkel kjem utanom definisjonen. Spesifiserte punkt i verneforskrifta opnar ikkje for løyve til persontransport, og evt. ønske om persontransport fyller heller ikkje vilkåra for å kunne vurdere løyve etter nml § 48.
- Transport av gjester som ligg fast i vintersesongen (pkt. m) er avgrensa til 2 gonger i veka. Forskrifta opnar ikkje for at det kan gjevast løyve til fleire turar i veka. Omgrepet «2 gonger i veka» kan tolkast til å vera knytt til vekenummer, og med god planlegging er det mogleg å yte service til gjester som har bestilt opphald på førehand og som har særleg behov for transport. Dersom det kjem fleire gjester samstundes, kan det kjørast to scooterar med slede i følgje som ein tur.
- Køyning på berrmark med traktor eller beltekjøretøy i samband med vedlikehald og reparasjon av kraffanlegg til Memurubu (pkt. o) gjeld naudsynt transport opp til eksisterande inntak ved kote 1114 i Hestbekken, og berrmarkskjøringa skal følgje eksisterande kjørespor.

Kjennskapen til andre interesser knytt til Gjendeområdet er i hovudsak god (§ 8 i naturmangfaldslova om kunnskapsgrunnlaget). Det er ikkje registrert særleg sårbare naturverdiar på den aktuelle transportstrekninga Gjendesheim-Memurubu eller internt på bedriftsområdet. Ut frå føre-var-prinsippet sett i naturmangfaldlovas § 9 og føringane knytt til økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10) er det viktig å vise aktsemd både overfor dyreliv og overfor folk som ferdast i området, og å halde motorferdsla på eit lågast mogleg nivå. Påverknaden på andre interesser, både naturverdiar og friluftslivsinteresser, er avhengig av metode for transport og tidspunkt. T.d. vil vegetasjon og landskapsverdiar bli sterkt påverka ved omfattande motorferdsel på berrmark. Det er derfor ikkje opna for berrmarkskøyning utanom

opparbeidde vegar (jf. § 12 i naturmangfaldslova om Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode). Einaste berrmarkskjøring som er tillate utanom veg er nødvendig kjøring etter fast kjørespor knytt til drift av kraftanlegget i Hestbekken, opp til kote 1114. § 11 om at kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar opnar for at forvaltningsstyresmakta kan påleggje reparasjon av terrengskadar som følgjer av berrmarkskjøring – jf. landskapsanalyse frå 2004.

Rapporteringsbehovet

Transport av faste overnattingsgjester på vinterføre 2 gonger i veka

Det har vore fleire runder søknader på dette punktet, alle med avslag. Søknad om utvida tal turar for gjestetransport har også vore til klagebehandling i Miljødirektoratet (før: Direktoratet for Naturforvaltning), med stadfesting på avslaget. Det er konferert med jurist om korleis forskrifta § 3 pkt. 6.3. m) må forståast, og det at forskrifta viser konkret til 2 turar betyr at det ikkje er noko skjønnsrom for forvaltninga her. Å bruke § 48 i naturmangfaldlova for å opne for fleire turar enn dei 2 spesifiserte turane pr. veke vsom forskrifta opnar for, vil vera ei utholing av verneforskrifta, og det er stadfesta av Miljødirektoratet at unntaksheimelen i § 48 kan ikkje brukast på denne måten.

Dette er einaste punktet i løyvet der det er fastsett maksimalt tal turar. Det er frå Statens Naturoppsyn påpeikt at dispensasjonar må vera konkrete og utforma slik at dei kan etterprøvast. Med maksimalt ta turar må det difor stillast krav om at det blir ført kjørebok med utfylling ved start på kvar enkelt tur, i tråd med tilsendt skjema.

Annan transport, der det ikkje er stilt grense for maksimalt tal turar

Det er vurdert som lite hensiktsmessig å prøve å fastsetja eksakte tal turar når det gjeld transport av varer og personell, da dette kan variere nokså mykje – avhengig av gjestetrafikk og andre forhold. Det er likevel stilt krav om ein transportlogg for å kunne følgje utviklinga i motorferdsel innan nasjonalparken – jf. krav om kunnskapsbasert forvaltning og omsynet til økosystemtilnærming og samla belastning. Her vil det vera snakk om ganske mange turar per år, og dermed behov for litt forenkling. Det blir derfor ikkje etterspurt transportlogg for traktorbruken internt etter vegane innan bedriftsområdet – dvs. mellom brygga, turisthytta, kraftstasjonen og lagerbygningane. Transportloggen vil dermed omfatte bruk av snøscooter på strekninga Gjendesheim – Memurubu i samband med varetransport i vinterhalvåret, og bruk av eigen båt på Gjende og kjøring opp til inntaket av kraftverket for sommarsesongen.

Kravet om rapportering er også sett ut frå generelle krav til oppfølging av dispensasjonar gjeve av forvaltingsmyndigheita. Det er vanleg praksis å sette krav om rapportering av motorferdselløyve, både for å sjå til at løva blir etterfølgt, men også for å følgje med på utviklinga av motorisert ferdsel innanfor verneområda over tid – både lokalt og på landsbasis. Også ut frå kravet om likebehandling blir det sett krav om rapportering. Ein ventar difor at tiltakshavar for komande år følgjer opp dispensasjonen og rapporterer i tråd med fastsette vilkår, tilsvarende som andre søkjarar må gjere i andre liknande tilfelle.

Oppsummering

Det er i utgangspunktet forbod mot motorferdsel i nasjonalparken. Forvaltningsstyresmakta må derfor følgje ein generelt streng praksis, men noko motorferdsel knytt til drift av turisthytter er nødvendig. Det er ein fordel at hovudtyngda av transportbehovet i sommarsesongen blir dekt av Gjendebåten, da dette gjev ei god samordning av ulike transportbehov på Gjende. Hovudtyngda av transport i eigen regi skjer på vinterføre og på vegar innan bedriftsområdet, og supplert med motorbåt på Gjende til tider når det ikkje er rutegående transport. Motorferdsel medfører utslepp og noko støy i eit kort tidsrom, men samla belastning på naturmiljøet blir vurdert som akseptabel i høve til nytteverdien dersom vilkåra i løyvet blir fylgd.

Innstilling i saka er den same som i sak 54/2017, men med endra tidspunkt og forklaring på kva transportloggen for sommarsesongen skal omfatte.

Dispensasjon - Motorferdsel i samband med drift og vedlikehald av Memurubu turisthytte og kvisting av vinterrute – 2022

Memurubu turisthytte får med dette dispensasjon frå det generelle forbodet mot motorferdsel i Jotunheimen nasjonalpark (§ 3 pkt.6.1). Løyve er gjeve med heimel i § 3 pkt. 6.3 i verneforskrifta for Jotunheimen, jf vedtak i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen 19.06.2017

Dispensasjonen gjeld i høve til verneforskrifta, og ikkje i høve til Lom og Vågå kommunar som forvaltningsstyresmakt etter Lov om motorisert ferdsel i utmark og vassdrag eller til grunneigarane – jf motorferdsellova § 10.

Med "oppsynet" meinast Statens naturoppsyn (SNO) eller samarbeidande fjelloppsyn.

1. Generelt om motorferdselsløyvet

Løyvet gjeld:

- Transport til og frå turisthytta:
 - transport av naudsynte varer og utstyr til drift av Memurubu turisthytte, sjå spesifikke vilkår i pkt. 2.1 – 2.5.
 - transport av styrar med næraste familie og betjening på strekninga Gjendesheim-Memurubu
 - transport av handverkarar, reiskap og bygningsmateriale i samband med vedlikehaldsarbeid, og tilsynspersonar (mattilsyn, branntilsyn m.m.)
 - oppsynsturar til turisthytta.
- Kvisting av vinterruter
 - gjeld bruk av snøskuter på ruta Gjendesheim-Memurubu

Generelle vilkår for all transport:

- Med næraste familie meinast ektefelle/sambuar og barn.
- Det er ikkje lov med berrmarkskøyering utanom opparbeidd veg
- Dei som utfører motorisert transport skal alltid skal søkje å redusere transportomfanget mest mogleg gjennom planlegging og samordning av all transport.
- All motorferdsel utanom rutinemessig dagleg drift skal varslast SNO før avreise, for at oppsynet skal ha nødvendig oversikt over lovleg motorferdsel utanom sesong.
SNO v/ Rigmor Solem skal ha melding om dato og køyretøy seinast dagen før via e-post (rigmor.solem@miljodir.no) eller melding til mobilnummer 959 65 158.
For Memurubu gjeld det bruk av beltekøyretøy i samband med tilsyn med turisthytta og kraftanlegget i Hestbekken.
- All motorferdsel skal loggførast før ein reiser, på eit fast skjema (dato, rute, formål) som skal takast med på turen. Oppsynet skal kunne kontrollere loggen på staden.
- Samlerapport og alle loggane skal kvart år sendast inn til Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen innan 1. mai for vintersesongen og 1.november for berrmarkssesongen.
- Det skal i størst mogleg grad prøvast å unngå motorferdsel i helg, heilag dagar, i fellesferien, i påskeferien og når det elles er særleg stor utfart i fjellet.

2. Spesielle løyve og vilkår:

2.1 Bruk av motorbåt på Gjende

- Memurubu turisthytte har følgjande båtar
 - 2 fiskebåtar
 - 1 transportbåt 14,5 fot med 30hk motor
 - 1 transportbåt 22 fot med 150hk motor
- Bruk av fiskebåtane i samband med utøving av fiskerett er direkte heimla i forskrifta § 3 pkt. 6.2. g) (under 10 hk motor og under 8 knop fart)
- Bruk av transportbåt til frakt av varer og utstyr og frakt av styrar med næraste familie og betjening (§ 3 pkt.6.3 h). Gjeld ikkje annan persontransport. Under nødvendig båttransport knytt til næring kan det opnast for større fart enn den generelle grensa på 8 knop (§ 3 pkt. 6.3 j), men ikkje over 20 knop.

2.2. Bruk av traktor på traktorveger i Memurubu.

- Memurubu turisthytte kan nytte traktor til transport av varer, utstyr og bagasje for overnattingsgjester på traktorvegen mellom turisthytta og brygga (§ 3 pkt.6.3 l). .
- Transporten skal følgje eksisterande veg og omfattar ikkje persontransport.

2.3. Bruk av traktor eller beltekøyretøy for vedlikehald og reparasjon av kraftanlegg:

- Gjeld naudsynt transport opp til inntaket i Hestbekken, og skal følgje eksisterande kjørespor. Gjeld berre køyretøy registrert som traktor (dvs. ikkje ATV som er registrert som motorsykkel

2.4. Transport av faste overnattingsgjester på vinterføre 2 gonger i veka

- § 3 pkt 6.3 m) avgrensar gjestetransporten til maks. 2 gonger i veka. Dette blir tolka til 2 turar i kvart vekenummer, dvs. ny vekestart på måndagen.
- Gjeld inntil 2 beltekøyretøy som kjører samla ved behov.
- Det skal førast køyrebok for kvar av desse turane i tråd med vedlagt skjema.

2.5. Anna.

- Transport knytt til redning- eller ambulanseoppdrag kan skje med direkte heimel i forskrifta § 3 pkt. 6.2.1 a), men må koordinerast av AMK/Operasjonssentralen. Alle slike oppdrag skal meldast til 113, og varslast til SNO så snart som råd etter utført oppdrag.
- Ved særskilde istilhøve på Gjende (ikkje snø til beltekøyretøy), kan det søkjast om å nytte traktor staden for beltekøyretøy. Avgjerd er delegert til forvaltar, for rask behandling ved særleg vanskeleg føre.
- Maskinar som ikkje er i bruk skal lagrast innandørs.
- ATV registrert som traktor kan nyttast i staden for traktor

3. Vilkår for stikking av vinterruter

- All motorferdsel knytt til kvisting skal varslast til oppsynet på førehand, jf. generelle vilkår i pkt.1. Det kan berre nyttast kvist av norske lauvtre i nasjonalparken.
- Kvisting må skje i samband med innkøying av varer og utstyr, avgrensa til perioden frå 25. februar og fram til 1. mai. Kvistinga skal leggjast opp slik at motorferdsla blir minst mogleg
- Dei løypene som kan kvistast vil inngå i forvaltingsplanen – temakart løyper.
- Etter vind og snøfokk kan det vere behov for inspeksjon og re-kvisting. Det skal vere stort sannsyn for at kvistinga er øydelagt før ein startar tiltak.
- Re-kvisting skal avsluttast når turisthytta stenger ned for vintersesongen.

4. Andre vilkår

- Ved innleige av snøskutersjåfør til transportoppdrag, bør den kommunale ordninga for leigekøyring vurderast dersom slik ordning er oppretta.
- Motorferdsel knytt til nye tiltak (utanom mindre vedlikehaldsarbeid) krev særskild dispensasjon etter søknad. Arbeid som krev særleg stor transportkapasitet skal ha ein eigen transportplan. Planen skal i hovudtrekk vise talet på turar og når transporten er planlagd gjennomført.
- All transport skal i størst mogleg grad samordnast slik at den motoriserte ferdsla vert minst mogleg. Transportøren kan ta med utstyr for andre, men skuterfører/båtfører er da ansvarleg for å forsikre seg om at ligg føre skriftleg løyve til transporten
- Det skal ikkje vere med andre personar på transporten enn dei som er naudsynte for å gjennomføre oppdraget
- Motorisert transport skal i størst mogleg grad leggjast utanom stader og delar av året det er størst fare for uroing av fugle- og dyrelivet

5. Tida dispensasjonen gjeld for

- Dispensasjonen gjeld fram til 31.12.2022. Dersom vilkår knytt til rapportering og øvrige vilkår i løyvet blir fylgd, har forvaltar fullmakt til å forlenge løyve for resten av fireårsperioden 2022-25
- Ved misbruk kan Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen som forvaltningsstyresmakt endre dispensasjonen eller inndra heile eller delar av den.

Arkivsaksnummer:	2022/2755-3	Saksbehandlar:	Eldrid Nedrelo	Dato:	21.03.2022
------------------	-------------	----------------	----------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	22/2022	01.04.2022

Jotunheimen NP - Besseggen som nasjonal turiststi - Besøksstrategi - Høyring - Uttale frå nasjonalparkstyret

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret meiner alle dei foreslåtte tiltaka under avsnittet «Styrke forvaltningen av natur-, og kulturverdiene i kjerneområdet rundt Besseggen er viktige.» Av omsyn til verneformål og verneverdiar meiner nasjonalparkstyret at det er særleg viktig å prioritere og tydeleggjere følgjande tiltak i strategien:

- Sikre vidare drift av Besseggenpatruljen gjennom faste, førutsigbare løyvingar.
- Stiltak mot slitasje og erosjon og informasjonstiltak med grøne skilt langs ruta må vidareførast. Med status som Nasjonal turiststi må det vere ein føresetnad at typen tiltak nemnt ovanfor vidareførast, i det minste på dagens nivå, og at det blir prioritert midlar til denne typen tiltak gjennom tiltaksmidlane over statsbudsjettet (post 1420.31) til nasjonalparkstyret eller som overføring via ordninga Nasjonale Turiststier.
- Det må prioriterast midlar til kartlegging av biologisk mangfald i lia mellom Gjende og Besseggen (ved Jo-stigen).
- Jo-stigen skal ikkje marknadsførast som ein tursti. Stien er umerka og auka ferdsel i dette området vil vere svært uheldig.
- Kvalifiserte guidefirma kan gjennomføre turar på Jo-stigen når vertilhøva tillet det og etter dialog med nasjonalparkstyret.
- Knutshøe bør skjermast av omsyn til verneformål og verneverdiar.
- Nasjonalparkstyret tilrår måletta informasjonstiltak om at ein ikkje bør gå turen over Knutshøe før juli, både på SoMe, nettsidene til Visit Norway, destinasjonsselskapa, DNT og UT.no. Det bør ikkje leggjast til rette med fleire parkeringsplassar ved Vargebakken, eller shuttlebuss dit før juli månad.
- Gjennomføre systematiske brukarundersøkingar og jamlege ferdselsteljingar både på/ved Bessegge og Knutshøe for å sjå områda i samanheng. Då vil ein t.d. kunne justere og respondere med betre målretta informasjonstiltak.
- Formidle kulturhistoria og informasjon om kulturminne i området. Dette kan skje både gjennom guida turar/natur-og kulturveglegiarar, ved turistbedriftene og gjennom fysiske informasjonstiltak i området.
- Å spreie trafikken utover sesongen/til skuldersesongane bør avgrensast til å gjelde turen over sjølve Besseggen og andre område i brukssonene. Dette bør skje i tett dialog med nasjonalparkforvaltninga.
- Informasjon:
 - Verneverdiane, som kulturminne, og tamrein. Gjerne formidla av naturrettleiarar og guidar i området
 - Vertilhøve, kva treng ein av klede (internett, på staden/Gjendeosen/Gjendebåten)
 - Kor krevjande turen er (internett, på staden/Gjendeosen/Gjendebåten)
 - Kva retning som er mest vanleg å gå så ein unngår opphoping av folk på utsette punkt over eggen (internett, på staden/Gjendeosen).

- Korleis ein oppfører seg på turen, både om dobesøk, unngå forsøpling, følg merka sti (internett, på staden/Gjendeosen/Gjendebåten)
- Om alternative ruter til Veslfjellet, Gjendehøe.. (internett, på staden/Gjendeosen/Gjendebåten)

Nasjonalparkstyret legg til grunn at samarbeidet på tvers av forvaltingsgrenser og etatsgrenser blir vidareført.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

1. Høyringsbrev av 08.03.2022 med vedlegg
 - Besøksstrategi for Besseggen 2022-2027 – Høyringsdokument utarbeidd av Asgeir Meland – Nasjonalparken Næringshage, i samarbeid med styringsgruppa
 - 2019-12-31 Beredskapsplan for Besseggen
 - Besseggen kulturarv - Erlend Gjelsvik – 21022022
2. Miljødirektoratet – Nasjonale Turiststier
<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/friluftsliv/nasjonale-turiststier/>
3. Brev av 15.11.2016 frå Nasjonalparkstyret til Stortingets Transport- og kommunikasjonskomite, KLD, Miljødirektoratet m.fl. - *Jotunheimen nasjonalpark - Besseggen – Førebyggjande tiltak for å unngå slitasje og unødige redningsaksjonar*
4. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Ref.saker i møte 19.02.18 og 12.11.2018 - *Besseggen som Nasjonal turiststi*

Saksopplysningar

Historikk

Ideen om etablering av Nasjonale Turiststier vart først presentert i 2016. NHO Reiseliv fylgde opp med eit innspel til Stortingets transport- og kommunikasjonskomité om å etablere ei ordning med midlar over statsbudsjettet til årleg til sikring av særleg slitasjeutsette turstigar. Nasjonalparkstyret diskuterte saka i møte og sende på bakgrunn av dette eit brev til transport- og kommunikasjonskomitéen m.fl. der dei stilte seg positive til at Besseggen vart ein kandidat til ordninga. Informasjonssenteret for Jotunheimen, Norsk Fjellsenter, og Oppland fylkeskommune var pådrivarar for å søkje om midlar frå Miljødirektoratet, og ein har fått midlar og delteke i nettverket for Nasjonale Turiststier frå og med 2018.

Behovet for førebyggjande tiltak for å hindre unødige redningsaksjonar har hatt sterkt fokus, og ein har fått delfinansiering av ordninga med Besseggen-patruljen gjennom prosjektet.

Det har vore arrangert årlege møte med sentrale aktørar rundt Besseggen: Vågå kommune, Vågå fjellstyre, Innlandet Politidistrikt, AMK, Gjendebåten, DNT Oslo og Omegn, Besseggen turisme og bedrifter i området, Nasjonalparkriket Reiseliv, Visit Jotunheimen, Visit Valdres, SNO - Jotunheimen, Besseggenpatrulja, Norsk Fjellsenter, Øystre Slidre kommune, Lom kommune, Oppland/Innlandet fylkeskommune, Nasjonalparkforvaltar Jotunheimen.

Styringsgruppe for arbeid med autorisasjon av Besseggen som nasjonal turiststi:

Leiar: Mai Bakken – Norsk fjellsenter

Medlemmer: Live Brimi – Vågå kommune, Kari Lund – Bessheim Turisme, Jan Erik Reiten – DNT Oslo og Omegn, Liv Bjerke og Erlend Gjelsvik – Innlandet fylkeskommune, Inger Elisabeth Hilstad – Øystre Slidre kommune, Kari Sveen – nasjonalparkforvaltar Jotunheimen

Besøksstrategi for Besseggen

Besseggen er blant dei utvalde strekningane som kan søke status som nasjonal turiststi. Ordninga blir administrert av Miljødirektoratet, og Besseggen har vore med i nettverket frå starten. <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/friluftsliv/nasjonale-turiststier/>

Besseggen har dei siste åra fått tilskott til delfinansiering av Besseggenpatrulja og til utarbeiding av ein besøkstrategi. Frå nasjonalparkforvaltninga har ein bidrege gjennom ressursar til brukarundersøking (2019-2020). Vidare har forvaltninga i samarbeid med SNO gjennomført ferdselsteljingar på stien ved Veslløyfte frå 2016.

Det er etablert ei styringsgruppe og referansegruppe for Besseggen, som har hatt jamlege møte for erfaringsutveksling og vurdering av ein mogleg autorisasjonssøknad.

Asgeir Meland i Nasjonalparken Næringshage har vore engasjert til prosessstyring og utarbeiding av besøksstrategien.

Styringsgruppa har ikkje eige sekretariat, så arbeidsoppgåvene har vore fordelt på medlemmene eller vorte løyst ved innleigd hjelp. I samråd med leiar av nasjonalparkstyret har ein kome fram til at nasjonalparkforvaltar for Jotunheimen kan bistå med sekretærhjelp for gjennomføring av høyringsprosessen, på vegne av styringsgruppa. Dette ut ifrå at storparten av stigen ligg innan grensene for nasjonalparken.

For å bli autorisert er det ei rekkje krav som må vera oppfylt; m.a. utarbeiding av ein besøksstrategi. Sentrale krav frå Miljødirektoratet for å bli autorisert:

- *God lokal forankring av arbeidet, bedre samarbeidsrelasjonar og langsiktig planlegging gjennom helhetlig besøksforvaltning som skal munne ut i en besøksstrategi.*
- *Stiene skal benytte felles merkevare.*
- *Stiene har et svært stort besøk, der internasjonale turister utgjør en stor andel.*
- *Nasjonale Turiststier skal ryddes og tilrettelegges etter prinsippene i veileder for "Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv", og merkes og skiltes i tråd med prinsippene i "Merkehåndboka" (www.merkehåndboka.no).*
- *Nasjonale Turiststier registreres i Kartverkets base for stier og turruter.*
- *Ansvar og opplegg for drift av stien med tilhørende fasiliteter, herunder finansiering av driften, skal være avklart.*
- *Dersom ikke kommunen er søker, skal det foreligge en støtte fra berørt/berørte kommune/kommuner til søknaden om autorisasjon.*
- *Stiene autoriseres for inntil 5 år, og må deretter reautoriseres for å beholde statusen.*

Autorisering og reautorisering foretas av Miljødirektoratet. Ved mislighold av autorisasjonskriteriene og vilkår knyttet til utbetaling av tilskudd, kan man bli fratatt autorisasjonen også i autorisasjonsperioden.»

Uavhengig av om ein vel å søke autorisasjon har ein vurdert besøksstrategi som eit nyttig verktøy for å skape ei felles plattform for samarbeid og utvikling av området. Ein fordel med å bli autorisert er eit årleg tilskott og prioritet når det gjeld søknader om tiltak frå ordninga.

Høyringsutkastet til besøksstrategi kan lesast her:

https://www.nasjonalparkstyre.no/uploads/images/jotunheimen_utladalen/Besseggen-som-nasjonal-turiststi-Besoksstrategi-hoyringsutkast.pdf Som vedlegg er det utarbeidd ein beredskapsplan og ei samanstilling av kulturhistoria for området.

Nasjonalparkstyret er høyringspart på linje med dei andre som får planen til uttale. Det vil vera styringsgruppa for prosjektet som stadestar det endelege dokumentet, etter vurdering av innkomne høyringsuttaler. Uttalefristen er 20. april 2022.


Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter, sist revidert frå 01.01.2020. Styret kan gje uttaler i saker som vedkjem verneområdet, direkte eller indirekte.

Forvaltningsplan og besøksstrategi for Jotunheimen

Besseggen ligg i teig 6, brukssone med store kvalitetar som skal ivaretakast: «Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.»



I drøftinga om revidert besøksstrategi har ein peika ut Besseggen, Galdhøpiggen og Vettisfossen som særskilde turistmål. I desse område må ein rekne med høg ferdsel, og dermed også behov for forvaltningsmessige grep for å ta i mot mange besøkande.

Vurdering

Det er utarbeidd eit svært grundig kunnskapsgrunnlag for besøksstrategien, både gjennom brukarundersøkinga og dokumentet Besøksstrategi Besseggen – en designtilnærming.

I følgje definisjonen på ein besøksstrategi, skal «besøksstrategien «vise hvilke tiltak som er nødvendige for å balansere natur-, kultur og opplevelsesverdier, de besøkendes interesser og lokal verdiskaping i forbindelse med turmålet, slik at en oppnår størst mulig nytte for alle tre interesser.» Forslaget til besøksstrategi, med aktuelle tiltak ser i all hovudsak ut til å vareta dette på ein oversiktleg og god måte.

Formålet med besøksstrategien er å «sikre helhetlig og langsiktig forvaltning av Besseggen som turmål for å optimalisere:


- opplevelsen for de besøkende
- lokal verdiskaping
- ivaretagelse av natur- og kulturverdiene

Det strategiske grepet med «å styrke forvaltningen av natur- og kulturverdiene i kjerneområdet rundt Besseggen» er særleg viktig i denne samanheng, og det må ha høg prioritet. Uttalen frå nasjonalparkstyret konsentrerer seg om dette temaet.

Nasjonalparkstyret starta arbeidet med revisjon av besøksstrategien for Jotunheimen og Utladalen i 2021. Strategien femner om heile nasjonalparken og landskapsvernområdet. Verneforskrifta, forvaltningsplanen og besøksstrategien for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde legg ramma for forvaltninga av nasjonalparken, og dermed også for Besseggen, som har ein stor del av ruta innanfor nasjonalparken. Besøksstrategi for Besseggen vil difor bli eit viktig supplement til Besøksstrategi for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. Det er elles verdfullt at Norsk Fjellsenter er peikt ut som hovudansvarleg for drift av samarbeidsorgan, og dei viktige arbeidsområda for samarbeidsorganet. Forvaltar legg til grunn at samarbeidet på tvers av forvaltingsgrenser og etatsgrenser blir vidareført.

Besseggen er, ved sidan av Galdhøpiggen og Vettisfossen, ein av dei store drivarane av trafikk inn i Jotunheimen. Besseggen er definert som hovudattraksjon i brukssone. I forvaltninga av nasjonalparken er det difor retta særleg merksemd mot Besseggen og Gjendevatnet. Statens naturoppsyn og verneområdeforvaltninga starta allereie i 2004 eit omfattande arbeid med restaurering og førebyggjande tiltak mot erosjon på Besseggen-stien, og Nasjonalparkstyret har

sidan overføring av forvaltingsmyndigheita for Jotunheimen og Utladalen i 2012 prioritert tiltak for å motverke terrengslitasje og tilrettelegging for auka ferdsel over Besseggen. Dette siste har skjedd både i form av stiltak og informasjon. Dei grønne skilta av typen som er vist nedanfor, er bidrag frå nasjonalparkstyret i eit samarbeidsprosjekt med lokale aktørar for å minimere behovet for redningsaksjonar langs ruta. Det er også laga skilt om klede/utstyr, etter same mal som er nytta m.a. ved Trolltunga. Tiltaka er også gjennomført for å gi dei besøkande ei best mogleg oppleving. Med status som Nasjonal turiststi må det vere ein føresetnad at typen tiltak nemnt ovanfor blir vidareført, i det minste på dagens nivå, og at det blir prioritert midlar til denne typen tiltak gjennom tiltaksmidlane over statsbudsjettet (post 1420.31) til nasjonalparkstyret eller som overføring via ordninga Nasjonale Turiststier.



Forslag til tiltak for å vareta viktige naturverdiar

Jo-stigen

Den sørvendte lia mellom Gjende og Besseggen-ruta har høg botanisk verdi, men det er mangelfull dokumentasjon på førekomstar og verdiar i området. Det bør vere eit prioritert tiltak å auke kunnskapsgrunnlaget i dette området, dvs. ny kartlegging av biologisk mangfald i lia mellom Gjende og Besseggen.

Gjennom lia går ein sti frå Gjende som fører opp til stien over Besseggen, kalla Jo-stigen. Han går gjennom svært bratt terreng med noko laus stein, og er svært utsett for erosjon (sjå bilete nedanfor). Ein har registrert svært stor slitasje på stigen dei siste åra, etter uheldig marknadsføring via sosiale media. Stien er umerka, og det er ikkje tilråddleg å gå inn med tiltak i dette området. Sett i lys av dette bør ikkje Jo-stigen marknadsførast som ein tursti, då auka ferdsel i dette området vil vere svært uheldig. Også dette bør leggst inn som eit konkret tiltak i strategien for å vareta verneverdiane i området. Alternativt kan det vere eit tiltak at kvalifiserte guidefirma kan gjennomføre turar i området når vertilhøva tillet det, etter dialog med nasjonalparkstyret.

 <i>Det tynne vegetasjonsdekket langs Jo-stigen er utsett for erosjon og slitasje. Bilete frå 2013 Båe foto: Vågå Fjellstyre.</i>	 <i>Parti på Jo-stigen prega av erosjon, bilete frå 2021.</i>
---	--

Naturverdiar sør for Gjende

Det går fram av Besøksstrategi for Besseggen at «Sørsiden er lite påvirket av menneskelig ferdsel og delvis er dette brukt som forklaring på et langt rikere arts mangfold og dyreliv enn i aksen langs Besseggen.» Forvaltar er litt usikker på om dette stemmer. Området var nokså lite besøkt fram til byrjinga av 2000-talet, men auka ferdsel har prega dette området, og særleg dei siste 5-6 åra. Ferdselsteljingar i perioden 2015 – 2021 (juni-september) viser markert auke i tal personar som går stien, med ein auke frå 6654 (2016) til 13277 (2021). Stien har førekomst av sårbar vegetasjon langs heile ryggen på Knutshøe som blir påverka negativt av ferdsel i barmarkssesongen. Det er påvist ei rekkje raudlista artar langs stien, både fugl og karplanter. Avbøtande tiltak for vegetasjon og dyreliv vil vere å begrense bruken av stien, dvs. unngå ferdsel i sårbar periode, unngå marknadsføring og/eller avkorte stien.

Den største utfordringa med Besseggen som nasjonal turiststi vil vere at tilgrensande område som gjerne ikkje tåler større besøkstal blir belasta. Eitt av måla i besøksstrategien for Besseggen er som nemnt å «Kanaliserer trafikken til et begrenset område, noe som ivaretar kulturl- og naturverdiene på en god måte». For å oppnå denne målsettinga må også området rundt Knutshøe skjermast til bestemte tider, og det må settast inn målretta tiltak for å oppnå dette, dvs. helst avgrense ferdsla i området særleg om våren og sommaren, ut juli månad. Formålet med besøksstrategien for Besseggen er å skape ei god oppleving for dei besøkande på turen over Besseggen og verdiskaping i kjerneområdet og lokalområdet kring, men også å vareta naturverdiene i området. I denne samanhengen saknar forvaltart ei tydeleggjering av kva område som bør skjermast kring Besseggen av omsyn til verneverdiene i nasjonalparken. Knutshøe er utan tvil eit slikt område der det må takast særlege omsyn, og dette er i forvaltningsplanen synleggjort ved at området området ligg grøn sone.

Det er føreslått å utgreie skyttelbuss frå parkeringa ved Reinsvängen til Vargebakken som avbøtande tiltak for å unngå dei trafikkale problema med parkering langs Turistvegen over Valdresflya. Dei trafikkale utfordringane i dette området om sommaren oppstår stor grad pga. besøkande til Knutshøe. Forvaltar meiner ein i større grad bør satse på informasjon om å styre ferdsla over Knutshø bort frå den mest sårbare tida på våren og forsommaren av omsyn til verneverdiene

Forvaltar tilrår målretta informasjonstiltak om at ein ikkje bør gå turen over Knutshø før juli, både på sosiale media, nettsidene til destinasjonsselskapa, DNT, UT.no, og Visit Norway, og det bør ikkje leggst til rette med fleire parkeringsplassar ved Vargebakken. Ei shuttlebuss-rute kunne vera eit alternativ til fleire parkeringsplassar, og med driftsesong berre utanom den sårbare tida for fuglelivet kunne den også bidra til skjerming av viktige verneverdiar.

Opplevingsverdiar og kulturelle verdiar – utfordringar med mange folk

Besøksstrategien tek opp spørsmål kring utfordringar med opplevingsverdiar og kulturelle verdiar som t.d. kødanning og masseturisme på Besseggen og slitasje på kulturminne. Det er presisert at det «ikke er et mål om å tiltrekke seg mest mulig folk, men å heve kvaliteten, kanalisere og reparere.» Nasjonalparkstyret ser at kapasiteten på parkeringsplassen ved Reinsvangen og på Gjendebåten kan vere ein avgrensande faktor, og at det slik sett ikkje har noko føre seg å sette ei tålegrense for tal besøkande i området. Ein ville heller ikkje hatt verkemiddel til å følge opp eit slikt tiltak. Det er gjort ei vurdering rundt belastninga på stien over Besseggen. I og med turen er så lang som 14 km og at folka kjem puljevis inn til startpunktet for turen med Gjendebåten, blir turgåarane fordelt jamt utover traseen iløpet av dagen. Det er likevel svært viktig å følgje med på utviklinga av ferdsla over Besseggen, og nasjonalparkstyret støttar at tiltaket om å gjennomføre systematiske brukarundersøkingar og jamlege ferdsselsteljingar. Då vil ein t.d. kunne justere og respondere med betre målretta informasjonstiltak. Særleg av omsyn til kulturminne vil det vere viktig å styre ferdsla i tilgrensande område så ein unngår forringing av verdiane, samstundes som ein kan formidle den verdfulle kulturhistoria i området. Dette kan skje både gjennom guida turar/natur-og kulturveglearar og fysiske informasjonstiltak i området og på Gjendebåten.

Å spre trafikken utover sesongen er nemnt som eit aktuelt tiltak for å unngå for store opphopingar av folk i turistsesongen. Av omsyn til dei besøkande kan dette vere positivt for å gi dei ei oppleving av å vere i meir «urørd» natur. På den andre sida kan dette bli utfordrande for naturverdiane på sikt, særleg i naboområda, nokre av dei rekna som «indrefiletten» i Jotunheimen (grøn vernesone). Av omsyn til verneformålet er det ikkje ønskje om å utvide aksjonsradiusen til turistane som besøker området i skuldersesongane. Sidan sjølve Besseggen er peikt ut som eitt av tre særskilde turistmål og ligg i brukssone, meiner nasjonalparkstyret likevel at det kan vere positivt for utviklinga å «spre trafikk over sesong gjennom oppdatert kommunikasjon (SoMe), opplevelser og arrangementer og guida tilbud", så lenge desse aktivitetane blir styrt mot Besseggen og andre område i brukssonene.

Besseggenpatruljen

I følgje besøksstrategien «oppleves Besseggenpatruljen av de besøkende som en sikkerhetsfaktor. Hele 96% synes at Besseggenpatruljen er viktig for sikkerheten på Besseggen. Det som kjenneteiknar dei som går Besseggen i brukarundersøkinga er at det er mange yngre, mange utlendingar og mange førstegongsbesøkande, dvs. at dei besøkande gjerne ikkje har så god erfaring med forhold som ein møter på Besseggen frå før, eller med tilsvarande lengde på turen, dvs. at det er behov for å nå ut med relevant informasjon til dei besøkande, både om turen, vertilhøve, behov for kle osv. Besseggenpatruljen er difor eitt av dei viktigaste eksisterande tiltaka først og fremst av omsyn til tryggleiken for dei besøkande, og for å førebygge og unngå for stor belastning på redningsmannskap, men ordninga er også verdfull med tanke på formidling av kunnskap om naturen i området, omsynsfull ferdsel osv. Det er difor svært viktig å sikre vidare drift av Besseggenpatruljen.

Forsøpling

Aktørane som opererer i området, forvaltinga, guidar og anna vertskap peikar på søppel, toalettpapir og snusposar, som eit problem både miljømessig og av omsyn til opplevinga på turen. Både fjelloppsynet og Besseggenpatruljen utfører ein del rydding på strekninga, og det er svært viktig at den einskilte gjesten er bevisst på sitt eige ansvar og tek med seg alt ut or området som han hadde med seg inn. Informasjon om forbod mot forsøpling og korleis ein opptrer under turen er svært viktig, både for å halde området reint av omsyn til naturverdiane og slik at alle får ein hyggeleg tur. Her vil både informasjon i forkant av turen på sentrale nettsider, når ein kjem til området, og på Gjendebåten vera viktig.

Informasjon

God og målretta informasjon er viktig for kanalisering av trafikken, sikkerheit, å gi dei besøkande gode opplevingar og for å unngå negative effektar på naturverdiar. Ved sidan av fysiske tiltak på stien vedkjem svært mange av dei føreslåtte tiltaka knytt til turen over Besseggen informasjon.

Det er behov for informasjon om:

- Verneverdiane, som kulturminne, og tamrein. Gjerne formidla av naturretteleiarar og guidar
- Vertilhøve, kva treng ein av klede
- Kor krevjande turen er
- Kva retning som er mest vanleg å gå så ein unngår opphoping av folk på utsette punkt over eggen.
- Korleis ein oppfører seg på turen (dobesøk, unngå forsøpling, følg merka sti)

Nasjonalparkforvaltinga føreslår i tillegg å informere om alternative turar i området, kortare og lettare ruter som turen opp lia frå Gjendesheim, ruta langs Gjende, Gjendehøe, over Gjendehalsen til Bessheim, m.m. Eit slikt tiltak vil kunne gi dei som ikkje er i fysisk form til å ta seg over ryggen ei god oppleving, vere med å spreie trafikken meir i området, unngå ulykker og evt. redningsaksjonar, styre trafikken til område som toler det osb.

Informasjon må skje over ulike plattformer, men det bør prioriterast kommunikasjon gjennom nettsidene til Besseggen Turisme, DNT (Ut.no), Gjendebåten og Visit Norway, inkl. undersider til destinasjonsselskapa sidan dei aller fleste planlegg turen sin heimanfrå.

Framlegg til uttale

Nasjonalparkstyret meiner alle dei foreslåtte tiltaka under avsnittet «Styrke forvaltningen av natur-, og kulturverdiene i kjerneområdet rundt Besseggen er viktige.» Av omsyn til verneformål og verneverdiar meiner nasjonalparkstyret at det er særleg viktig å prioritere og tydeleggjere følgjande tiltak i strategien:

- Sikre vidare drift av Besseggenpatruljen gjennom faste, førutsigbare løyvingar.
- Stiltak mot slitasje og erosjon og informasjonstiltak med grønne skilt langs ruta må vidareførast. Med status som Nasjonal turiststi må det vere ein føresetnad at typen tiltak nemnt ovanfor vidareførast, i det minste på dagens nivå, og at det blir prioritert midlar til denne typen tiltak gjennom tiltaksmidlane over statsbudsjettet (post 1420.31) til nasjonalparkstyret eller som overføring via ordninga Nasjonale Turiststier.
- Det må prioriterast midlar til kartlegging av biologisk mangfald i lia mellom Gjende og Besseggen (ved Jo-stigen).
- Jo-stigen skal ikkje marknadsførast som ein tursti. Stien er umerka og auka ferdsel i dette området vil vere svært uheldig.
- Kvalifiserte guidefirma kan gjennomføre turar på Jo-stigen når vertilhøva tillet det og etter dialog med nasjonalparkstyret.
- Knutshøe bør skjermast av omsyn til verneformål og verneverdiar.
- Nasjonalparkstyret tilrår måletta informasjonstiltak om at ein ikkje bør gå turen over Knutshøe før juli, både på SoMe, nettsidene til Visit Norway, destinasjonsselskapa, DNT og UT.no. Det bør ikkje leggst til rette med fleire parkeringsplassar ved Vargebakken, eller shuttlebuss dit før juli månad.
- Gjennomføre systematiske brukarundersøkingar og jamlege ferdselsteljingar både på/ved Besseggen og Knutshøe for å sjå områda i samanheng. Då vil ein t.d. kunne justere og respondere med betre målretta informasjonstiltak.
- Formidle kulturhistoria og informasjon om kulturminne i området. Dette kan skje både gjennom guida turar/natur-og kulturveggleiarar, ved turistbedriftene og gjennom fysiske informasjonstiltak i området.
- Å spreie trafikken utover sesongen/til skuldersesongane bør avgrensast til å gjelde turen over sjølve Besseggen og andre område i brukssonene. Dette bør skje i tett dialog med nasjonalparkforvaltinga.
- Informasjon:
 - Verneverdiane, som kulturminne, og tamrein. Gjerne formidla av naturretteleiarar og guidar i området
 - Vertilhøve, kva treng ein av klede (internett, på staden/Gjendeosen/Gjendebåten)
 - Kor krevjande turen er (internett, på staden/Gjendeosen/Gjendebåten)

- Kva retning som er mest vanleg å gå så ein unngår opphoping av folk på utsette punkt over eggen (internett, på staden/Gjendeosen).
- Korleis ein oppfører seg på turen, både om dobesøk, unngå forsøpling, følg merka sti (internett, på staden/Gjendeosen/Gjendebåten)
- Om alternative ruter til Veslfjellet, Gjendehøe.. (internett, på staden/Gjendeosen/Gjendebåten)

Nasjonalparkstyret legg til grunn at samarbeidet på tvers av forvaltingsgrenser og etatsgrenser blir vidareført.

ST 23/2022 Eventuelt